



Denne skissa viser kvar det omsøkte og omstridte arealet ligg på Skorpo.

**Fylkesmannen har no sett punktum for saka om frådeling av eit tilleggsareal på utsida av Skorpo. Han stadfestar vedtaket i forvaltningskomiteen om nei til frådeling og skriv at dei ut frå saka sine faktiske og rettslege sider ikkje har grunnlag for å gå imot kommunen sitt skjøn og lovbruk.**

Saka galdt dispensasjon frå kommuneplanens areal for frådeling av ein 180 kvadratmeter stor parsell som skulle nyttast som tilleggsareal til ein fritidseigedom. Søknaden frå Svein Skorpen var grunngeven med at det aktuelle arealet etter munnleg avtale har vore brukt av eigedommen 132/24 i alle år sidan tomta var frådelt i 1968.

Området ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjøen. Arealet ligg ovanfor sjølve stranda, men fylkesmannen vurderer det likevel slik at det ligg innanfor den funksjonelle strandsona som eit landområde som står i innbyrdes samspel med sjøen. Frådeling vil kunne privatisere området ytterlegare og også kunne redusere friluftsverdiane som ligg i området.

Fylkesmannen peikar og på at den einskilde eigefomen ikkje må sjåast på isolert, men vurderast som ein del av ein større heilskap, Konsekvensane av ein eventuell dispensasjon er eit moment i denne vurderinga.

Fylkesmannen meiner at løyve til utbygging i denne saka kan skape presedens i forhold til andre søkjarar. Det vil kunne uthole det nasjonale bygge- og frådelingsforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen. Difor må det nasjonale byggeforbodet overhaldast og kravet om at det må liggje føre 'særlege grunnar' for å gje dispensasjon er såleis ikkje oppfylt.

Vedtaket til fylkesmannen er endeleg og kan ikkje klagast vidare.

Av Ola Matti Mathisen